



Hardangerrådet iks



Fylkesutvalet
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

**Uttale frå Hardangerrådet vedr. PS 44/2018 i fylkesutvalet 21.02.2018
«Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes.»**

Hardangerrådet ser det som svært positivt at det vert starta produksjonsskule på Hjeltnes. Behovet for skuletilbod for ungdom som fell utanfor opplæring og arbeid er aukande og resultata frå produksjonsskule er svært positive. På Hjeltnes i Ulvik ligg det til rette for å kunne skapa eit heilskapleg miljø rundt sjølve produksjonsskuledrifta. Fullverdige internatbygg og øvrige lokalmiljøverdiar vil kunna medverka positivt og gje elevane ei opplæring som inneheld meir enn studietilboda i sjølve skuletida.

I Hardanger finst det moglegheiter som vil kunne gje dette skuletilbodet ekstra verdiar og kvalitetar som vi meiner vil auka trivselen for elevane og dermed sannsynlegheit for å fullføra utdanningstilbodet, for så å kunna halda fram med vidare høgskuleutdanning eller i arbeidslivet.

Om det etablerte tilbodet ved Hyssingen, som er eit bynært produksjonsskuletilbod vert supplert med eit distriktstilbod ved Hjeltnes vil desse samla kunne dekkja behov for å ulike typar miljø for desse elevane.

Alle Hardangerkommunane stiller seg bak Ulvik etableringa av ein produksjonsskule ved Hjeltnes i Ulvik. I Hardanger finst det stor og breid kompetanse til eit slikt skuletilbod. Ein produksjonsskule lagt til Hjeltnes i Ulvik vil vera eit fagleg godt tilbod og ein styrke for heile Hardangerregionen.

Me set vår lit til Hordaland fylkeskommune i denne viktige saka for Hardangerregionen.

Kinsarvik 20.02.2018

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt